



Miljødirektoratet

v/Fylkesmannen i Rogaland

fmropost@fylkesmannen.no

9. mars 2015

KLAGE – LØYVE TIL Å PLANTE SITKAGRAN – HELLELAND I EIGERSUND

Vi viser til vedtak gjort av Fylkesmannen i Rogaland 16.02.2015, sak 2015/875. Vi ønsker med dette å klage på fylkesmannens vedtak, og ber om at søknad om utplanting av sitkagran blir avslått på grunn av negative konsekvensar for truga natur.

Det er i saksutgreiinga til vedtaket gjort greie for at det er ein lokalitet av kystlynghei som grenser opp til området det er søkt om å plante sitkagran i. Kystlynghei er oppført som sterkt truga (EN) i Norsk raudliste for naturtypar 2011. I denne lokaliteten er det vidare nemnt fleire artar på raudlista, også i kategorien sårbar (piggtrollskjegg (VU)/langt trollskjegg (VU)).

Sitkagran er satt på svartelista i kategori svært høg risiko, fordi den har stor formeirings- og spreiringsevne. Det står vidare i svartelista at; «den høye risikokategorien følger blant annet av at sitkagran har evne til å spre seg inn i kystlynghei som er en truet naturtype». Ved å tillate en utplanting av sitkagran i grensa til en lokalitet av kystlynghei, tillater man å redusere tilstanden til en truga naturtype. Dette er i strid med prinsippa i forskrifta om utsetting av utanlandske treslag.

Det følgjer av forskrifta om utanlandske treslag § 7: *Det kan ikke gis tillatelse hvis det er grunn til å anta at utsettingen vil medføre vesentlige uheldige følger for det biologiske mangfold.*

Naturvernforbundet
Mariboeg gt 8,
0183 Oslo
naturvern@naturvernforbundet.no

SABIMA
Pb. 6784 St. Olavs plass,
0130 Oslo
sabima@sabima.no

WWF-Norge,
Postboks 6784 St. Olavs Plass,
0130 Oslo
wwf@wwf.no

Rettleiaren seier dette om kva som ligg i «vesentlige uheldige følger»:

| | Uheldige følger for naturmangfold (inkl. landskapsmessig og geologisk mangfold) | Vesentlige uheldige følger for biologisk mangfold | Forvaltningsverktøy (lovverk, kartleggingsmetoder og kunnskapsgrunnlag) |
|-------------------|---|---|---|
| Naturtyper | Reduksjon i areal, tilstand eller antall lokaliteter av nær truede naturtyper | Reduksjon i areal, tilstand eller antall lokaliteter av truede naturtyper | Norsk rødliste for naturtyper 2011, Artsdatabanken |
| | Reduksjon i areal, tilstand eller antall lokaliteter av viktige naturtyper | Reduksjon i areal, tilstand eller antall lokaliteter av viktige naturtyper | DN-håndbok 13-2007 (Kartlegging av naturtyper – verdisetning av biologisk mangfold) |
| | Reduksjon i areal, tilstand eller antall lokaliteter av en MiS-figur eller nøkkelbiotop | Reduksjon i areal, tilstand eller antall lokaliteter av en MiS-figur eller nøkkelbiotop | MiS-figur eller nøkkelbiotop, Kilden/Gårdskart, Skog og landskap |
| | Reduksjon i areal, tilstand eller antall lokaliteter av en utvalgt naturtype | Reduksjon i areal, tilstand eller antall lokaliteter av en utvalgt naturtype | Utvalgte naturtyper, naturmangfoldloven § 52 |
| Arter | Reduksjon i bestandsstørrelse eller forekomstareal til nær truede arter | Reduksjon i bestandsstørrelse eller forekomstareal til truede arter | Norsk rødliste for arter 2010, Artsdatabanken |
| | Reduksjon i bestandsstørrelse eller antall lokaliteter og/eller reduksjon i | Reduksjon i bestandsstørrelse eller antall lokaliteter og/eller reduksjon i | Forskrifter om prioriterte arter, |

Figur 1: Vi har markert med gult to tilhøve som gir klart utslag. Kystlynghei er ein sterkt truga (EN) naturtype. To sårbare artar er påvist i kystlyngheilokaliteten (piggtrollskjegg (VU)/langt trollskjegg (VU))

Da utplanting av sitkagran vil medføre uheldige følgjer for kystlyngheia som er en trua naturtype og to raudlista artar, vil det såleis ikkje vere heimel for å gi løyve til utsetjing av utanlandske treslag på denne plassen. Fylkesmannen har i sitt vedtak ikkje gjort forsøk på å vise til at han likevel har heimel for å kunne gi løyve.

Vidare er det gitt løyve til å bruke sitkagran som står oppført i høgaste risikoklasse på Norsk svarteliste. I nemnte rettleiar finn ein «*Når en art i Norsk svarteliste 2012 er oppført med svært høy risiko (SE), vil det normalt ikke være hjemmel til å tillate utsetjing.*» Når det er tale om normalt i slike høve vil det seie at ein kan vente å finne eit betydeleg tal avslag for kvar gong ein har gitt løyve. Det faktiske forholdet når det gjeld sitkagran er truleg at Fylkesmannen i Rogaland aleine har gitt fleire løyve til utsett av sitkagran enn alle dei andre fylkesmennene har avslått til saman. Vi ser ikkje at det skal vere spesielle tilhøve i Rogaland som tilseier at det normale her skal vere å gi løyve, og det er ikkje gjort greie for det i vedtaket.

Det er elles opplyst i vedtaket at skogen som nettopp er hogd på dette arealet var gran (*Picea abies*). Vi ser ikkje at det er opplyst noko om at det ikkje er mogleg å halde fram med gran på arealet.

Det er så vidt vist til naturmangfaldlova § 12 i vedtaket, men det ser ikkje ut til å vere vurderingar etter nemnte paragraf. I denne saka vil det vere nødvendig å ta utgangspunkt i eit nullalternativ som moglegvis vil vere å plante gran (*P. abies*) på nytt, og vurdere dette opp mot bruk av andre treslag eller å ta arealet i bruk til beite viss dette er mogleg. Med kystlyngheia som nabo er bruk av utanlandske treslag utelukka i dette høvet.

Også i denne saka er det lagt opp til at rømlingkontroll først skal skje når skog planta i området før 2012 er hogd, eit prinsipp som verken tar tidlegare reglar om spreingskontroll eller behovet for å rydde ut svartelistartane på alvor.

Konklusjon

Området der det er gitt løyve til utplanting grensar inntil kystlynghei som er ein truga naturtype og lokaliteter av to raudlista arter. Spreiing av sitkagran i desse områda vil få store konsekvensar på verdifullt naturmangfald. Det er på bakgrunn av dette ikkje heimel til å gi løyve til bruk av utanlandske treslag på det aktuelle arealet. Søknaden må difor avslåast.

Oppsetjande verknad

Fylkesmannen bør gjere om vedtaket. Om så ikkje skjer, ber vi om at klaga får oppsetjande verknad, slik at det ikkje blir planta ut sitkagran som etterpå må rivast opp igjen.

Med venleg helsing

Honorata Kaja Gajda
rådgjevar i naturmangfald, Naturvernforbundet

Christian Steel
generalsekretær, SABIMA

Heidi Sørensen
teamleder, WWF-Norge